# Innst. S. nr. 63.

(1998-99)

## Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om endringar på statsbudsjettet for 1998 under kapittel administrerte av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

St.prp. nr. 22 (1998-99).

Til Stortinget.

### SAMANDRAG

Departementet gjer framlegg om desse endringane på statsbudsjettet for 1998:

#### Kyrkjeleg administrasjon

Det er no gjort avtale mellom Kopinor og Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon som regulerer all framtidig kopiering i kyrkjelydane, jf. åndsverklova. Departementet gjer i proposisjonen nærare greie for avtalen, som føreset eit eingongsvederlag for all vederlagspliktig tidlegare kopiering i Den norske kyrkja. Etter forhandlingar er eingongsvederlaget fastsett til 7,5 mill. kroner, og departementet gjer framlegg om å auke kap. 294 med denne summen.

Det er stort behov for vikartenester for prestane, jf. St.prp. nr. 64 (1997-98). Bispedømma har sett i verk innstrammingstiltak i 1998, men det er likevel eit stort tilleggsbehov på vikarbudsjettet, som vert å styrke med 10,7 mill. kroner over kap. 295.

#### Statens lånekasse for utdanning

Når det gjeld kap. 2410, gjer departementet framlegg om å auke driftsutgiftene med 3 mill. kroner i samband med utvals- og utviklingsarbeid. Omlagløyvinga til utdanningsstipend er auka med 113 mill. kroner. Dette følgjer av reglane for folkehøgskoleelevar og av dei to etterbetalingane til studentar i utlandet pga. svekka kronekurs. Overslaget for reisestipend innanlands er justert noko ned. Men samstundes har det vore fleire gebyrstipend. Valutaendringane har òg gjort tala høgare. Omlagløyvinga til andre stipend er difor auka med 40 mill. kroner. Vidare er rentestønaden auka med 37 mill. kroner ut frå dei siste prognosane. Overslaget for avskrivingar etter hovudfag og avskrivingar for lånekundar som bur i Finnmark, er sett ned med 72 mill. kroner. Det er ikkje behov for løyving til tap på utlån i 1998. Dette gir ein reduksjon på 20 mill. kroner. Lån til studentar i utlandet har auka både i tal og storleik i undervisningsåret 1997-98. Omlagløyvinga over post 90 er difor auka med 45 mill. kroner.

Over kap. 5310 er inntektene frå gebyr auka med 10 mill. kroner. Bakgrunnen er at det har vore fleire andregongsvarsel og oppseiingar av lån. Avdraga over post 90 vert å redusere med 500 mill. kroner ettersom ekstraordinære avdrag til no i 1998 har vorte reduserte til om lag halvparten. Endra overslag over tap og avskrivingar gir ein reduksjon på 106 mill. kroner. Over kap. 5617 er rentene frå Lånekassa auka med 27 mill. kroner. Bakgrunnen er at redusert avdragsinngang har ført til auka behov for innlån og dermed høgare rentekostnader.

#### Tilskot til trudomssamfunn m.v.

Over kap. 210 er omlagløyvingane i tilskot til livssynssamfunn og trudomssamfunn utanfor Den norske kyrkja auka med til saman 9,2 mill. kroner. Bakgrunnen er auke i satsane pr. medlem og auka medlemstal.

Når det gjeld tilskot til privateigde skole- og kyrkjebygg, er det kome inn søknader som gir grunnlag for tilskot på om lag 6 mill. kroner meir enn det som er løyvd til dette. Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga tilsvarande for ikkje å få eit etterslep i 1999.

#### Utgiftskapittel som gjeld grunnskole og vidaregåande opplæring

Over kap. 221 gjer departementet framlegg om å redusere tilskotet til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg med 10 mill. kroner. Mindrebehovet har samanheng med den gamle ordninga og at det har vorte færre verkemiddelskolar. Fleire elevar i skolefritidsordningar enn føresett gir eit meirbehov i tilskot i skolefritidsordningar på 5 mill. kroner. Mindrebehovet i tilskot til

kommunale musikk- og kulturskolar er på 5 mill. kroner. Løyvingane vert å redusere tilsvarande. Tilskotsordninga for investeringar i skolebygg for 6-åringar er avslutta. Løyvinga på 49 mill. kroner over kap. 229 som vart overført frå 1997, vil difor ikkje bli nytta.

Tilskotet til undervisning for framandspråklege elevar har eit mindreforbruk i grunnskolen på 38 mill. kroner (kap. 221) og i vidaregåande opplæring på 4 mill. kroner (kap. 231). Departementet gjer framlegg om å redusere løyvingane tilsvarande. Færre fiskarar enn venta har delteke på tryggleikskurs og repetisjonskurs. Løyvinga over kap. 232 er difor redusert med 1,9 mill. kroner. På grunn av mindreforbruk gjer departementet framlegg om å redusere kvalitetssikringstilskotet til lærebedrifter med 175 mill. kroner. Tilskotet til vaksne lærlingar som må reise bort for å ta deler av opplæringa, er redusert med 4,5 mill. kroner (kap. 234). Omlegginga av dei statlege vidaregåande skolane i landbruksfag og naturbruk gir eit mindrebehov på 3 mill. kroner. Omlagløyvinga i tilskot til private skolar er sett ned med 18 mill. kroner (kap. 240). Tilskotet til internasjonale utdanningsprogram er redusert med 2,3 mill. kroner som følgje av tilbakeført kontingent til EU frå 1996 (kap. 239).

### Utgiftskapittel som gjeld høgare utdanning

For Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet er posten for kjøp av eigedom under kap. 262 auka med 11,8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av kap. 743, jf. St.prp. nr. 18 (1998-99). Noregs handelshøgskole har ved ein feil ført inntekter frå mastergradstudiet på inntektskapitlet utan å rekneskapsføre tilsvarande utgifter over posten for særskilde driftsutgifter (kap. 264). Departementet gjer framlegg om å auke utgiftsløyvinga med 1,57 mill. kroner på grunn av dette.

Over kap. 281 gjer departementet framlegg om å redusere dei felles driftsutgiftene for universitet og høgskolar med 19,3 mill. kroner. Bakgrunnen er den endra forskriften til tenestemannslova frå 1.þaugust 1998 som gir høve til tilsetjing i post doc-stillingar. Budsjetteffekten i 1998 har vore mindre enn tidlegare lagt til grunn. Endra valutakurs har auka kontingenten til internasjonale program slik at tilskotet vert å auke med 2,5 mill. kroner.

### Parallelle endringar i inntekts- og utgiftsløyvingar

Departementet gjer framlegg om å setje ned nokre inntektskapittel og å redusere utgiftsløyvingane tilsvarande for å dekke inn inntektssvikten. Kap. 243, kap. 262, kap. 273 og kap. 281 er i framlegget redusert med til saman 11,6 mill. kroner og dei tilhøyrande inntektskapitla er reduserte med same sum.

Der inntektene har vorte høgare enn dei vedtekne inntektsløyvingane, gjer departementet framlegg om å auke desse løyvingane og å justere opp dei tilsvarande utgiftsløyvingane. Dette gir ein samla auke i utgiftsløyvingane på 340,2 mill. kroner over kapitla som gjeld skole og opplæring (kap. 203, kap. 232, kap. 243 og kap. 244), universiteta (kap. 260, kap. 261, kap. 262 og kap. 263), einskilde høgskolar (kap. 264, kap. 265, kap. 268, kap. 273, kap. 278 og kap. 279) og dei statlege høgskolane (kap. 274), og over kap. 280, kap. 283 og kap. 297. Inntektskapitla er auka tilsvarande.

## KOMITEEN SINE MERKNADER

K o m i t e e n sluttar seg til løyvingsframlegga.

K o m i t e e n s m e d l e m m e r f r a A r b e i d e r p a r t i e t o g S o s i a l i s t i s k V e n s t r e p a r t i viser til at departementet finner det nødvendig for inneværende år å øke tilskuddet til skolefritidsordningene. D i s s e m e d l e m m e r har ingen merknader til dette. D i s s e m e d l e m m e r viser også til at tilskudd til språkopplæring for minoritetsgrupper viser et mindreforbruk. D i s s e m e d l e m m e r mener dette er foruroligende, og forutsetter at departementet drøfter årsaksforholdene i den bebudede melding om morsmålsopplæring.

D i s s e m e d l e m m e r merker seg at departementet foreslår å redusere posten med 19,3 mill. kroner. Bevilgningen var øremerket opprettelse av post doc.-stillinger. Departementet begrunner reduksjonen med at nødvendige endringer i forskriftene til tjenestemannsloven har tatt lengre tid enn forutsatt. Endringene i forskriftene er gjort gjeldende fra 1.þaugust i år.

D i s s e m e d l e m m e r viser til komiteens merknader i Innst. S. nr 51 (1997-98) der komiteen bl.a. uttalte:

«Komiteen ber departementet påskynde prosessen slik at den nye stillingskategorien kan bli etablert.»

Økt satsning på forskning og utdanning av forskere skulle været et prioritert område. Post doc.-stillingene ble opprettet for å stimulere ferdige doktorkandidater til å satse på en forskerkarriere.

D i s s e m e d l e m m e r beklager at det har tatt så lang tid å rydde opp i de juridiske forhold. Det har tatt nærmere ett år fra komiteen kommenterte forholdet i Innst. S. nr. 51 (1997-98). D i s s e m e d l e m m e r ber departementet påse at det antall stillinger som var forutsatt blir opprettet snarest. D i s s e m e d l e m m e r forutsetter dessuten at bruk av den nye stillingskategorien blir vurdert og drøftet i forskningsmeldingen.

K o m i t e e n s m e d l e m m e r f r a F r e m s k r i t t s p a r t i e t vil understreke at et fundament for politisk behandling av budsjetter er at man forutsetter at budsjettene i så stor grad det lar seg gjøre skal følges. Imidlertid er det selvfølgelig at det i løpet av et år vil oppstå situasjoner som nødvendiggjør korreksjoner i forhold til merforbruk/mindre forbruk, korrigeringer av feilføringer etc. Dette gjelder særlig forhold de politiske myndigheter i liten grad rår over, f.eks. søknader inennfor enkelte tilskuddsordninger, tilfeldige markedssvingninger osv. D i s s e m e d l e m m e r aksepterer derfor de foreslåtte endringer.

Når det gjelder skolefritidsordningen, tilskudd til kommunale musikk- og kulturskoler og tilskudd til undervisning av fremmedspråklige - som nevnt i proposisjonen - vil disse medlemmer vise til sine kommentarer og forslag i forbindelse med budsjettbehandlingen for 1998 og 1999. I disse kommentarene og forslagene vil disse medlemmers syn på nevnte felt fremgå.

## KOMITEEN SI TILRÅDING

Komiteen viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I.

Statsbudsjettet for 1998 vert endra slik:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| | | Utgifter: | |
| 203 | | Statens utdanningskontor | |
| | 01 | Driftsutgifter, *kan nyttast under post kap. 200 post 01,* blir auka med ........ frå kr 118 679 000 til kr 125 679 | 7 000 000 |
| 210 | | Tilskott til trussamfunn o.a. og privateigde skole- og kyrkjebygg | |
| | 70 | Tilskott til registrerte trussamfunn, *omlagløyving,* blir auka med ........ frå kr 42 780 000 til kr 48 480 000 | 5 700 000 |
| | 71 | Tilskott til uregistrerte trussamfunn, *omlagløyving,* blir auka med ........ frå kr 4 440 000 til kr 6 140 000 | 1 700 000 |
| | 72 | Tilskott til livssynssamfunn, *omlagløyving,* blir auka med ........ frå kr 12 776 000 til kr 14 576 000 | 1 800 000 |
| | 75 | Tilskott til privateigde skole- og kyrkjebygg, blir auka med ........ frå kr 10 335 000 til kr 16 335 000 | 6 000 000 |
| 221 | | Tilskott til grunnskolen | |
| | 60 | Tilskott til verkemiddeltiltak i Nord-Noreg, *kan overførast,* blir redusert med ........ frå kr 29 758 000 til kr 19 758 000 | 10 000 000 |
| | 63 | Tilskott til skolefritidsordningar, *kan overførast,* blir auka med ........ frå kr 446 250 000 til kr 451 250 000 | 5 000 000 |
| | 65 | Tilskott til undervisning for framandspråklege elevar, blir redusert med ........ frå kr 640 291 000 til kr 602 291 000 | 38 000 000 |
| | 67 | Tilskott til kommunale musikk- og kulturskolar, *omlagløyving,* blir redusert med ........ frå kr 91 661 000 til kr 86 661 000 | 5 000 000 |
| 231 | | Tilskott til vidaregåande opplæring | |
| | 65 | Tilskott til ekstra språkopplæring for framandspråklege elevar/lærlingar, blir redusert med ........ frå kr 38 000 000 til kr 34 000 000 | 4 000 000 |
| 232 | | Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med ........ frå kr 100 417 000 til kr 103 417 000 | 3 000 000 |
| | 21 | Tryggleiksopplæring for fiskarar, blir redusert med ........ frå kr 22 614 000 til kr 20 714 000 | 1 900 000 |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 234 | | Tilskott til lærebedrifter og lærlingar | |
| | 70 | Tilskott til bedrifter som tek inn lærlingar,<br>blir redusert med ........<br>frå kr 514 000 000 til kr 339 000 000 | 175 000 000 |
| | 73 | Tilskott til lærlingar, blir redusert med ........<br>frå kr 15 453 000 til kr 10 953 000 | 4 500 000 |
| 235 | | Statlege vidaregåande skolar i landbruksfag og naturbruk | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir redusert med ........<br>frå kr 23 566 000 til kr 20 566 000 | 3 000 000 |
| 239 | | Andre formål i vidaregåande opplæring | |
| | 72 | Tilskott til internasjonale utdanningsprogram (LEONARDO m.fl.),<br>blir redusert med ........<br>frå kr 27 875 000 til kr 25 575 000 | 2 300 000 |
| 240 | | Private skolar o.a. | |
| | 70 | Tilskott, *omlagløyving*, blir redusert med ........<br>frå kr 901 153 000 til kr 883 153 000 | 18 000 000 |
| 243 | | Kompetansesentra for spesialundervisning | |
| | 01 | Driftsutgifter, *kan nyttast under post 21*, blir auka med ........<br>frå kr 676 577 000 til kr 676 877 000 | 300 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir auka med ........<br>frå kr 14 165 000 til kr 28 165 000 | 14 000 000 |
| 244 | | Nasjonalt læremiddelsenter | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med ........<br>frå kr 29 734 000 til kr 33 734 000 | 4 000 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir auka med ........<br>frå kr 2 500 000 til kr 4 500 000 | 2 000 000 |
| 260 | | Universitetet i Oslo | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med ........<br>frå kr 1 804 504 000 til kr 1 812 004 000 | 7 500 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir auka med ........<br>frå kr 383 273 000 til kr 453 273 000 | 70 000 000 |
| 261 | | Universitetet i Bergen | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med ........<br>frå kr 1 005 711 000 til kr 1 007 211 000 | 1 500 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir auka med ........<br>frå kr 236 262 000 til kr 316 262 000 | 80 000 000 |
| | 49 | Kjøp av eigedom, *kan overførast*, blir auka med ........<br>frå kr 10 000 til kr 7 710 000 | 7 700 000 |
| 262 | | Noregs teknisk- naturvitskapelege universitet | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir redusert med ........<br>frå kr 1 343 793 000 til kr 1 333 393 000 | 10 400 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir auka med ........<br>frå kr 241 862 000 til kr 266 862 000 | 25 000 000 |
| | 49 | Kjøp av eigedom, *kan overførast*, blir auka med ........<br>frå kr 10 000 til kr 11 810 000 | 11 800 000 |
| 263 | | Universitetet i Tromsø | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med ........<br>frå kr 620 781 000 til kr 630 281 000 | 9 500 000 |
| | 49 | Kjøp av eigedom, *kan overførast*, blir auka med ........<br>frå kr 10 000 til 2 210 000 | 2 200 000 |
| 264 | | Noregs handelshøgskole | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med ........<br>frå kr 129 007 000 til kr 146 007 000 | 17 000 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir auka med ........<br>frå kr 10 918 000 til kr 12 488 000 | 1 570 000 |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 265 | | Arkitekthøgskolen i Oslo | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 1 978 000 til kr 3 478 000 | 1 500 000 |
| 268 | | Noregs idrettshøgskole | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 67 208 000 til kr 67 708 000 | 500 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 2 408 000 til kr 3 908 000 | 1 500 000 |
| 273 | | Statlege kunsthøgskolar | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 117 572 000 til kr 119 572 000 | 2 000 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir r e d u s e r t med ........ frå kr 407 000 til kr 107 000 | 300 000 |
| 274 | | Statlege høgskolar | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 4 488 359 000 til kr 4 522 359 000 | 34 000 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 188 361 000 til kr 195 361 000 | 7 000 000 |
| 278 | | Noregs landbrukshøgskole | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 304 162 000 til kr 308 162 000 | 4 000 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 110 869 000 til kr 125 869 000 | 15 000 000 |
| | 49 | Kjøp av eigedom, *kan overførast*, blir a u k a med ........ frå kr 10 000 til kr 2 510 000 | 2 500 000 |
| 279 | | Noregs veterinærhøgskole | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 132 837 000 til kr 137 837 000 | 5 000 000 |
| 280 | | Riksbibliotektenesta | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 12 464 000 til kr 12 864 000 | 400 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 2 550 000 til kr 3 550 000 | 1 000 000 |
| 281 | | Fellesutgifter for universitet og høgskolar | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir r e d u s e r t med ........ frå kr 609 841 000 til kr 590 541 000 | 19 300 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir r e d u s e r t med ........ frå kr 1 393 000 til kr 1 293 000 | 100 000 |
| | 73 | Tilskott til internasjonale program, blir a u k a med ........ frå kr 37 960 000 til kr 40 460 000 | 2 500 000 |
| 283 | | Det norske meteorologiske institutt | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 200 861 000 til kr 207 861 000 | 7 000 000 |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 43 568 000 til kr 45 568 000 | 2 000 000 |
| 294 | | Kyrkjeleg administrasjon | |
| | 79 | Til rådvelde for departementet, *kan overførast*, blir a u k a med ........ frå kr 750 000 til kr 8 250 000 | 7 500 000 |
| 295 | | Presteskapet | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 500 227 000 til kr 510 927 000 | 10 700 000 |
| 297 | | Nidaros domkyrkje o.a. | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir a u k a med ........ frå kr 19 895 000 til kr 25 195 000 | 5 300 000 |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 2410 | | Statens lånekasse for utdanning | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med ... frå kr 173 923 000 til kr 176 923 000 | 3 000 000 |
| | 70 | Utdanningsstipend, blir auka med ... frå kr 3 722 600 000 til kr 3 835 600 000 | 113 000 000 |
| | 71 | Andre stipend, blir auka med ... frå kr 561 800 000 til kr 601 800 000 | 40 000 000 |
| | 72 | Rentestønad, blir auka med ... frå kr 2 058 600 000 til kr 2 095 600 000 | 37 000 000 |
| | 73 | Avskrivingar, blir redusert med ... frå kr 462 300 000 til kr 390 300 000 | 72 000 000 |
| | 74 | Tap på utlån, blir redusert med ... frå kr 20 000 000 til kr 0 | 20 000 000 |
| | 90 | Lån til Statens lånekasse for utdanning, blir auka med ... frå kr 6 259 000 000 til kr 6 304 000 000 | 45 000 000 |
| | | Inntekter: | |
| 3203 | | Statens utdanningskontor | |
| | 11 | Kursavgifter, blir auka med ... frå kr 510 000 til kr 7 510 000 | 7 000 000 |
| 3232 | | Statlege skolar med opplæring på vidaregåande nivå | |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir auka med ... frå kr 6 197 000 til kr 9 197 000 | 3 000 000 |
| 3243 | | Kompetansesentra for spesialundervisning | |
| | 01 | Inntekter ved oppdrag, blir auka med ... får kr 14 175 000 til kr 28 175 000 | 14 000 000 |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir redusert med ... frå kr 6 225 000 til kr 5 725 000 | 500 000 |
| | 11 | Kursavgift ved vaksenopplæring og etterutdanning, blir auka med ... frå kr 1 113 000 til kr 2 213 000 | 1 100 000 |
| | 60 | Betaling frå kommunar og fylkeskommunar, blir redusert med ... frå kr 3 366 000 til kr 3 066 000 | 300 000 |
| 3244 | | Nasjonalt læremiddelsenter | |
| | 01 | Inntekter ved oppdrag, blir auka med ... frå kr 2 500 000 til kr 4 500 000 | 2 000 000 |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir auka med ... frå kr 6 586 000 til kr 10 586 000 | 4 000 000 |
| 3260 | | Universitetet i Oslo | |
| | 01 | Inntekter ved oppdrag, blir auka med ... frå kr 372 936 000 til kr 442 936 000 | 70 000 000 |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir auka med ... frå kr 57 640 000 til kr 59 640 000 | 2 000 000 |
| | 11 | Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak, blir auka med ... frå kr 4 383 000 til kr 9 883 000 | 5 500 000 |
| 3261 | | Universitetet i Bergen | |
| | 01 | Inntekter ved oppdrag, blir auka med ... frå kr 244 410 000 til kr 324 410 000 | 80 000 000 |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir auka med ... frå kr 20 087 000 til kr 21 587 000 | 1 500 000 |
| | 49 | Sal av eigedom, blir auka med ... frå kr 10 000 til kr 7 710 000 | 7 700 000 |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 3262 | | Noregs teknisk- naturvitskapelege universitet | |
| | 01 | Inntekter ved oppdrag, blir a u k a med ........................................................<br>frå kr 248 810 000 til kr 273 810 000 | 25 000 000 |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir r e d u s e r t med ........................................................<br>frå kr 33 745 000 til kr 24 745 000 | 9 000 000 |
| | 11 | Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak, blir r e d u s e r t med .......................<br>frå kr 2 361 000 til kr 961 000 | 1 400 000 |
| 3263 | | Universitetet i Tromsø | |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir a u k a med ................................................................<br>frå kr 19 537 000 til kr 24 037 000 | 4 500 000 |
| | 49 | Sal av eigedom, blir a u k a med ...................................................................<br>frå kr 10 000 til kr 2 210 000 | 2 200 000 |
| | 82 | Refusjon frå Sosial- og helsedepartementet, blir a u k a med ........................<br>frå kr 0 til kr 5 000 000 | 5 000 000 |
| 3264 | | Noregs handelshøgskole | |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir a u k a med ................................................................<br>frå kr 3 161 000 til kr 6 161 000 | 3 000 000 |
| | 11 | Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak, blir a u k a med ...............................<br>frå kr 0 til kr 14 000 000 | 14 000 000 |
| 3265 | | Arkitekthøgskolen i Oslo | |
| | 01 | Inntekter ved oppdrag, blir a u k a med ........................................................<br>frå kr 2 000 000 til kr 3 500 000 | 1 500 000 |
| 3268 | | Noregs idrettshøgskole | |
| | 01 | Inntekter ved oppdrag, blir a u k a med ........................................................<br>frå kr 2 500 000 til kr 4 000 000 | 1 500 000 |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir a u k a med ................................................................<br>frå kr 3 984 000 til kr 4 484 000 | 500 000 |
| 3273 | | Statlege kunsthøgskolar | |
| | 01 | Inntekter ved oppdrag, blir r e d u s e r t med ..................................................<br>frå kr 430 000 til kr 130 000 | 300 000 |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir a u k a med .................................................................<br>frå kr 1 016 000 til kr 3 016 000 | 2 000 000 |
| 3274 | | Statlege høgskolar | |
| | 01 | Inntekter ved oppdrag, blir a u k a med ........................................................<br>frå kr 196 565 000 til kr 203 565 000 | 7 000 000 |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir a u k a med ................................................................<br>frå kr 97 832 000 til kr 107 832 000 | 10 000 000 |
| | 11 | Kursavgift ved vaksenopplæringstiltak, blir a u k a med ...............................<br>frå kr 0 til kr 24 000 000 | 24 000 000 |
| 3278 | | Noregs landbrukshøgskole | |
| | 01 | Inntekter ved oppdrag, blir a u k a med ........................................................<br>frå kr 110 869 000 til kr 125 869 000 | 15 000 000 |
| | 02 | Salsinntekter, o.a., blir a u k a med ..............................................................<br>frå kr 14 902 000 til kr 18 902 000 | 4 000 000 |
| | 49 | Sal av eigedom, blir a u k a med ...................................................................<br>frå kr 10 000 til kr 2 510 000 | 2 500 000 |
| 3279 | | Noregs veterinærhøgskole | |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir a u k a med ................................................................<br>frå kr 12 682 000 til kr 17 682 000 | 5 000 000 |
| 3280 | | Riksbibliotektenesta | |
| | 01 | Inntekter ved oppdrag, blir a u k a med ........................................................<br>frå kr 2 552 000 til kr 3 552 000 | 1 000 000 |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir a u k a med ................................................................<br>frå kr 0 til kr 400 000 | 400 000 |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 3281 | | Fellesutgifter for universitet og høgskolar | |
| | 01 | Inntekter ved oppdrag, blir r e d u s e r t med ...<br>frå kr 100 000 til 0 | 100 000 |
| 3283 | | Det norske meteorologiske institutt | |
| | 01 | Inntekter ved oppdrag, blir a u k a med ...<br>frå kr 39 966 000 til kr 41 966 000 | 2 000 000 |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir a u k a med ...<br>frå kr 8 232 000 til kr 15 232 000 | 7 000 000 |
| 3297 | | Nidaros domkyrkje o.a. | |
| | 02 | Salsinntekter o.a., blir a u k a med ...<br>frå kr 3 657 000 til kr 8 957 000 | 5 300 000 |
| 5310 | | Statens lånekasse for utdanning | |
| | 72 | Gebyr, blir a u k a med ...<br>frå kr 90 000 000 til kr 100 000 000 | 10 000 000 |
| | 90 | Avdrag, blir r e d u s e r t med ...<br>frå kr 3 400 000 000 til kr 2 900 000 000 | 500 000 000 |
| | 91 | Tap og avskrivingar, blir r e d u s e r t med ...<br>frå kr 481 200 000 til kr 375 200 000 | 106 000 000 |
| 5617 | | Renter frå Statens lånekasse for utdanning | |
| | 80 | Renter, blir a u k a med ...<br>frå kr 3 949 000 000 til kr 3 976 000 000 | 27 000 000 |

Oslo, i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, den 4. desember 1998.

| | | |
|---|---|---|
| **Grete Knudsen,**<br>leiar. | **Sigvald Oppebøen Hansen,**<br>ordførar. | **Rune E. Kristiansen,**<br>sekretær. |